

## Med skarvet som nabo

Reineskarvet strekkjer seg to mil frå Skarvanstølen i aust til Djup i vest. Denne turen følgjer den gamle turistlina med raudmåla T-ar frå Reine.


Vi følgjer stigen opp Reinudn, sjå tur nr. 2.10. Rett etter vi har passert varden på Reinudn går stigen vår vestover og følgjer moreneryggen til vi er på høgde med Skardhovda. Vidare er det greitt merka stig til Eitrestølen. Her går tur nr. 2.4 opp i Eitrejuvet. Me passerar elva Eitra og følgjer stigen vidare til Øvre Blomestølen.

Ved Øvre Blomestølen slår stigen seg saman med den gamle bufarvegen frå Vats. Ved Svaranuten var det vanleg å

halda ei god kvil. Her hadde ungane det moro med å rope opp mot fjellveggen der ekkoet svara dei attende.

Reineskarvet mistar den karakteristiske fjellryggforma på vestsida av elva Svore. Svore har greve seg ei djup kløft som strekkjer seg heilt frå Skarvet og ned til Vallo. I snøsmeltinga kan elva vera vanskeleg å koma over.

Etter at vi har passert elva Karka, ser vi snart Djup og følgjer stigen ned til stølen. Herfrå går tur nr. 1.5 vidare til Skålakjافتen og nordsida av Reineskarvet. I Djup er det mange steinbuer, truleg bygd etter 1600-talet.





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000





Foto Thorgeir Røer


Det er funne mange restar etter gamle tufter i Ålsfjella. I dette området er det funne tufter på Storehovda ved Eitrestølen, på Grasbakkane nord for Dyrebotten og i Vallehalle. På desse tuftene har det stade hus som var i bruk rundt år 1000 og framover mot 1200-talet. Truleg var det hytter for fangst og fiske. Skoggrensa var annleis på den tida. Øvre Blomestølen er høgaste funnstanden for bjørkerestar, truleg har tregrensa gått om lag 1310 m.o.h.

 Fylkesveg 244 (Nordbygdvegen) mot Vats. Ved Feten i Leveld opp Nyselie, betalingsbom mot Hemsedal. Stølsvegen til Reine (fleire moglegheiter.)

 I gutu eller langs veggen ved Reine.

 Fin turstig i fjellet.

 Mektige fjell, fjellvatn, stølsgrender og meir enn 1000 år gamle tufter.

 Lengde, tid : ca 15 km

